# Nord-Fron kommune

# Politisk sak

## Budsjett- og økonomiplan 2021-2024

| Utval | Saksnr | Møtedato |
|---|---|---|
| Formannskapet (FOR) | 163/20 | 26.11.2020 |
| Kommunestyret (KOM) | | |

| Saksbehandlar | Journalpost |
|---|---|
| Torild S. Weikle | 20/25079 |

**Vedlegg:**
Oversikt over eigedomar som skal har fritak etter paragraf 7 i eskl - vedtatt av kommunestyret 20 11 11
Vedlegg 2 Endring drift 2021-24
Vedlegg 3 Endring investering 2021-24
Endring av eiendomsskatt for boliger og fritidseiendommer fra 2020
2019 Eksempel konsekvens innbygger
2019 Konsekvens inntekter kommunen
Uttale frå eldrerådet til kommunedirektørens framlegg til budsjett- og økonomiplan for 2021-2024
Uttale frå rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne til kommunedirektørens framlegg til budsjett- og økonomiplan 2021-2024
Uttale fra utval for trafikksikkerheit til kommunedirektørens framlegg til budsjett- og økonomiplan 2021-2024
Uttale frå ungdomsrådet til kommunedirektørens framlegg til budsjett- og økonomiplan 2021-2024
Uttale frå administrasjonsutvalet til kommunedirektørens framlegg til budsjett- og økonomiplan 2021-2024
Uttale frå utval for helse og oppvekst til kommunedirektørens framlegg til budsjett- og økonomiplan 2021-2024
Uttale frå utval for miljø, landbruk og areal til kommunedirektørens framlegg til budsjett- og økonomiplan 2021-2024

Kommunedirektøren legger saken frem for formannskapet med slik:

**Innstilling:**
Formannskapet anbefaler kommunestyret å gjøre slikt vedtak:

| **1.** | **Budsjett 2021:** |
|---|---|
| 1.1. | <u>Budsjett:</u><br>Kommunestyret vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2021 med desse endringane:<br><br>Vedlegg 2 og 3 viser endringar i høve til kommunedirektøren sitt opphavlege forslag.<br><br>**Netto driftsramme** for områda går fram av bevilgningsoversikt B-del, som vil bli justert for endringar jf. vedlegg 2.<br>**Investeringsramme** for rammeområda går fram av bevilgningsoversikt investering, |

| | |
|---|---|
| | som vil bli justert for endringar jf. vedlegg 3. |
| 1.2. | Eigedomsskatt:<br>Eigedomsskatt **2021**:<br>Eigedomsskatten blir utskrive med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3.<br>Utskrivingsalternativ: Nord-Fron kommune skriv ut eigedomsskatt for 2021 etter Eigedomsskattelova §3a – faste eigedommer i heile kommunen.<br><br>Særskilt skattegrunnlag frå tidlegare verk og bruk:<br>Det blir skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med 3/7 i 2021 (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd første pkt.).<br><br>Skattesats, jf. eigedomsskattelova § 11, 12 og 13:<br>Eigedomsskatten skal vera 7 promille med unntak av bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar (herunder fritidseigedomar), som skal ha ein eigedomsskatt på **4,0 promille**.<br><br>Botnfrådrag, jf. eigedomsskattelova § 11 2. ledd: For bustaddelen av eigedomar (herunder fritidseigedomar) som ikkje blir nytta til næringsverksemd gjeld eit **botnfrådrag på kr. 70.000** av skattetaksten.<br><br>Skattevedtekter, jf. eigedomsskattelova § 10:<br>Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nytter kommunen vedtekne skattevedtekter.<br><br>I påvente av re-taksering vil det bli benytta kontorjustering, jf. vedtak i KS-sak 101/19, og i 2021 blir det **påslag på takstene med 10 %.**<br><br>Terminar, jf. eigedomsskattelova § 25: Eigedomsskatten skal skrivast ut i tolv terminar, for tida 20.januar, 20.februar, 20.mars, 20.april, 20.mai, 20. juni, 20.juli, 20.august, 20.september, 20.oktober, 20. november og 20.desember.<br><br>Andre forhold: I medhald av eigedomsskatteloven § 7 kan enkelte eigedomar fritas. Aktuelle eigedomar går fram av vedlegg 1. |
| 1.3. | Inntektsskatt – kommunalt skattøyre for 2021:<br>For personlege skatteytarar og dødsbu: 12,15 % (11,1 % i 2020).<br>Høgste lovlege sats (etter vedtak i Stortinget) skal elles gjelde for 2021. |
| 1.4. | Formuesskatten for 2021:<br>0,7 % (0,7 % i 2020).<br>Høgste lovlege sats (etter vedtak i Stortinget) skal elles gjelde for 2021. |
| 1.5. | Avgifter, betalingssatsar, gebyr m.m. blir i h.h.t vedtak i eigne saker. |
| 1.6. | Låneopptak:<br>Kommunestyret gjer vedtak om å ta opp følgjande lån for 2021:<br>Investeringslån (serielån 30 år) Inntil kr. 73.340.000<br>Startlån (serielån 30 år) Inntil kr. 3.000.000<br>Sum låneopptak Inntil kr. 76.340.000<br><br>I tillegg til låneopptak for 2021 kjem resterande av investeringslån frå 2020, jf. KS-sak 130/19, kr. 31.056.000. |

| | |
|---|---|
| | Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele låneopptaket i fleire opptak. |
| 2. | **Økonomiplan 2022 – 2024:**<br><br>Kommunestyret vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan for 2022 – 2024 med desse endringane:<br>Vedlegg 2 og 3 viser endringar i høve til kommunedirektøren sitt opphavlege forslag.<br><br>Netto driftsramme for områda går fram av bevilgningsoversikt b-del, som vil bli justert for endringar jf. vedlegg 2.<br>Investeringsramme for rammeområda går fram av bevilgningsoversikt investering, som vil bli justert for endringar jf. vedlegg 3. |
| 3. | **Budsjettpremiss (tekstdel):**<br>……………… |

**Formannskapet (FOR) 26.11.2020:**

**Behandling i møte:**
Ordfører innledet saken og sa bl.a. at forslag fra kommunedirektøren er svar på tidligere bestillinger fra formannskap og kommunestyre. Det er kommet noen innspill som må vurders knytt til bl.a. demens- og kreftomsorg og helsestasjonen. Han konkluderte med at saken kan sendes ut på høring.

Sektorleder Helse Bente Joten Skog ga en orientering knytt til sine områder.

<u>Formannskapet ber om at følgende blir prioritert i 2021:</u>
Etablere gode løsninger for demens- og kreftomsorgen,
belyse bemanningssituasjonen ved barnehagene og
sørge for bedre lokaler for helsestasjonen.
Enstemmig vedtak som innstillingen med tillegg i pkt. 3.

**FOR- 163/20 Vedtak:**

Formannskapet anbefaler kommunestyret å gjøre slikt vedtak:

| **1.** | **Budsjett 2021:** |
|---|---|
| 1.1. | <u>Budsjett:</u><br>Kommunestyret vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2021 med desse endringane:<br><br>Vedlegg 2 og 3 viser endringar i høve til kommunedirektøren sitt opphavlege forslag.<br><br>**Netto driftsramme** for områda går fram av bevilgningsoversikt B-del, som vil bli justert for endringar jf. vedlegg 2.<br>**Investeringsramme** for rammeområda går fram av bevilgningsoversikt investering, som vil bli justert for endringar jf. vedlegg 3. |
| 1.2. | <u>Eigedomsskatt:</u> |

| | |
|---|---|
| | Eigedomsskatt **2021**:<br>Eigedomsskatten blir utskrive med heimel i eigedomsskattelova §§ 2 og 3.<br>Utskrivingsalternativ: Nord-Fron kommune skriv ut eigedomsskatt for 2021 etter Eigedomsskattelova §3a – faste eigedommer i heile kommunen.<br><br>Særskilt skattegrunnlag frå tidlegare verk og bruk:<br>Det blir skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med 3/7 i 2021 (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd første pkt.).<br><br>Skattesats, jf. eigedomsskattelova § 11, 12 og 13:<br>Eigedomsskatten skal vera 7 promille med unntak av bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar (herunder fritidseigedomar), som skal ha ein eigedomsskatt på **4,0 promille**.<br><br>Botnfrådrag, jf. eigedomsskattelova § 11 2. ledd: For bustaddelen av eigedomar (herunder fritidseigedomar) som ikkje blir nytta til næringsverksemd gjeld eit **botnfrådrag på kr. 70.000** av skattetaksten.<br><br>Skattevedtekter, jf. eigedomsskattelova § 10:<br>Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nytter kommunen vedtekne skattevedtekter.<br><br>I påvente av re-taksering vil det bli benytta kontorjustering, jf. vedtak i KS-sak 101/19, og i 2021 blir det **påslag på takstene med 10 %.**<br><br>Terminar, jf. eigedomsskattelova § 25: Eigedomsskatten skal skrivast ut i tolv terminar, for tida 20.januar, 20.februar, 20.mars, 20.april, 20.mai, 20. juni, 20.juli, 20.august, 20.september, 20.oktober, 20. november og 20.desember.<br><br>Andre forhold: I medhald av eigedomsskatteloven § 7 kan enkelte eigedomar fritas. Aktuelle eigedomar går fram av vedlegg 1. |
| 1.3. | Inntektsskatt – kommunalt skattøyre for 2021:<br>For personlege skatteytarar og dødsbu: 12,15 % (11,1 % i 2020).<br>Høgste lovlege sats (etter vedtak i Stortinget) skal elles gjelde for 2021. |
| 1.4. | Formuesskatten for 2021:<br>0,7 % (0,7 % i 2020).<br>Høgste lovlege sats (etter vedtak i Stortinget) skal elles gjelde for 2021. |
| 1.5. | Avgifter, betalingssatsar, gebyr m.m. blir i h.h.t vedtak i eigne saker. |
| 1.6. | Låneopptak:<br>Kommunestyret gjer vedtak om å ta opp følgjande lån for 2021:<br>Investeringslån (serielån 30 år) Inntil kr. 73.340.000<br>Startlån (serielån 30 år) Inntil kr. 3.000.000<br>Sum låneopptak Inntil kr. 76.340.000<br><br>I tillegg til låneopptak for 2021 kjem resterande av investeringslån frå 2020, jf. KS-sak 130/19, kr. 31.056.000.<br>Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele låneopptaket i fleire opptak. |
| 2. | **Økonomiplan 2022 – 2024:** |

| | |
|---|---|
| | Kommunestyret vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan for 2022 – 2024 med desse endringane:<br>Vedlegg 2 og 3 viser endringar i høve til kommunedirektøren sitt opphavlege forslag.<br><br>Netto driftsramme for områda går fram av bevilgningsoversikt b-del, som vil bli justert for endringar jf. vedlegg 2.<br>Investeringsramme for rammeområda går fram av bevilgningsoversikt investering, som vil bli justert for endringar jf. vedlegg 3. |
| 3. | **Budsjettpremiss (tekstdel):**<br>Formannskapet ber om at følgende blir prioritert i 2021:<br><br>Etablere gode løsninger for demens- og kreftomsorgen,<br>belyse bemanningssituasjonen ved barnehagene og<br>sørge for bedre lokaler for helsestasjonen. |

**Bakgrunn for saka:**
Kommunedirektøren la fram forslag til budsjett og økonomiplan 2021 - 2024 den 9.11.20. Forslaget er sendt til alle medlemmane i kommunestyret. Formannskapet (FS) hadde arbeidsmøte om budsjett og økonomiplan i eige møte 9.11.20.

Budsjettet skal behandlast av FS 26.11.20, som gir si innstilling ovanfor kommunestyret. Kommunestyret gjer sitt budsjettvedtak i møte 15.12.20.

Kommunestyret har i budsjettsaka tidlegare år fastsett godtgjeringa til ordførar.
Dette er endra frå 2018 ved at kommunestyret i møte 22.2.18, KS-sak 21/18, vedtok at ordføraren si godtgjersle frå og med 1.1.2018 skal vera 93 % av Stortingsrepresentantanes faste godtgjersle. Godtgjersla blir regulert årleg med verknad frå 1.1, der Stortingsrepresentantanes godtgjersle pr. 1.5 året før blir lagt til grunn. Satsen er uendra frå 2019 og er pr. 1.5.20 kr. 987.997 og lønn pr. 1.1.21 (93 %) er kr. 918.837.

**Innspel frå utvala:**
Kommunale råd og utval har i henhald til lokal praksis høve til å gje innspel i perioden frå kommunedirektøren legg fram budsjettet og fram til formannskapet skal gje si innstilling ovafor kommunestyret. Utvala har hatt høve til å behandle saka i møter f.o.m. 13.- 19.11.20. Innspela er referert nedanfor, og detaljane i innspela går fram av trykte vedlegg til saken.

<u>Eldrerådet (ER) har i møte 13.11.20 kome med følgjande innspel:</u>
*«Eldrerådet etterlyser status for arbeidet med demensplanene og mener det er viktig at en stilling som demenskoordinator kommer raskt på plass.*

*Eldrerådet framhever følgende punkt som svært positivt:*
*- At universell utforming blir prioritert.*
*- At driften av Frivilligsentralen, Kvamstunet og Kvam Trivselsbad blir videreført, som et viktig samlingspunkt for mange ulike grupper.*

*Eldrerådet vil understreke følgende:*
*Ved at de eldre skal kunne bo hjemme så lenge som mulig, må hjemmetjenestene styrkes både med hensyn til bemanning og teknologiske hjelpemidler».*

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RNF) har i møte 13.11.20 kome med følgjande innspel:
*«RNF mener at det er viktig at en stilling som demenskoordinator kommer raskt på plass.*
*Det må også være en fast kontaktperson/koordinator for funksjonshemma.*
*Arbeidet for rus og psykisk helse må styrkes, også sett i forhold til at Bredebygden er lagt ned.*

*RNF framhever følgende punkt som svært positive:*
*- At bemanningen på Sundtunet blir opprettholdt.*
*- At det ligger midler til universell utforming.*
*- At det er lagt opp til et prosjekt knytt til borettslag.*
*- At driften av Frivilligsentralen blir videreført, som et viktig samlingspunkt for mange ulike grupper.*

*RNF framehver at innføring av velferdsteknologi/effektivisering innen helse ikke må ramme tenestene ved at det blir for få varme hender».*

Trafikksikkerheitsutvalet har i møte 13.11.20 kome med følgjande innspel:
*«1) Prosjekt 3025 rekkverk, summen økes til 400.000,- for å kunne etablere autovern på flere steder.*
*2) Trafikksikkerhetsutvalget er opptatt av at sommervedlikehold som kantklipping etc blir prioritert på skoleveier etc. Det foreslås derfor at veivedlikehold deles på sommer og vinter for å sikre tilstrekkelige midler til sommervedlikehold».*

Ungdomsrådet (UDR) har i møte 16.11.20 kome med følgjande innspel:
*«- Ungdomsrådet stiller spørsmål ved kva effekt Nord-Fron har av midlane som blir nytta til Visit Lillehammer.*
*- Ungdomsrådet ønskjer å omdisponere deler av kulturmidlar til Skåbu til gjennomføring av tiltak i regi av Ung i Midtdalen.*
*- Ungdomsrådet meiner ein bør endre hyppigheit for Byfesten, slik at det blir arrangert kvart femte år i staden for kvart år.*
*- Ungdomsrådet ønskjer å styrke forebyggende helsetenester retta mot ungdom, rus og psykisk helse.*
*- Ungdomsrådet stiller spørsmål ved kutt av stillinger innan sektor helse».*

Administrasjonsutvalet (AUV) har i møte 17.11.20 kome med følgjande innspel:
*«Tiltak som bør vurderes i budsjettarbeidet:*
*- Demensteam og dagtilbud for demente bør prioriteres høyt.*
*- Lokalene for helsestasjonen må tilpasses bedre, evt må det etableres midlertidige lokaler.*
*- Det er viktig at skolematordningen fortsetter. Et sunt måltid er bra for både helse og læring, og det er et sosialt tiltak for elevene.*
*- Digitaliseringsarbeidet bør intensiveres og gi økt effektivisering og innsparinger.*
*- Se på mulig effektivisering av renholdstjenesten ved å eksempelvis endre organisering.*
*- Sikre en god utetjeneste og vaktordning innen teknisk drift selv om antall ansatte reduseres.*
*- Antall lærlinger bør økes. Nord-Fron kommune bør ha minst tre lærlinger pr 1000 innbygger.*

*Arbeidsmiljø/strategi/trepart:*
*- Nord-Fron kommune skal aktivt satse på å få flere hele stillinger. Sammen med de ansattes organisasjoner skal ledelsen bidra til å skape en heltidskultur.*
*- Reduksjon av sjukefravær bør være et satsingsområde og en viktig del av omstillingsprosessen.*
*- Trepart samarbeidet må utvikles videre, det er også viktig for å lykkes med omstillingsarbeidet.*
*- Viktig å prioritere kompetanseplaner og systematisk kompetanseutvikling gjennom både interne og eksterne opplæringstilbud. Det er viktig for både tjenestene og for de ansatte. Det må også vurderes mer arbeidsplassbasert opplæring.*

*Forhold innen skole/barnehage som bør belyses i AUV/TriPart:*
*-Nord-Fron kommune oppfyller minstekrav til grunnbemanning innen barnehagene. Det er likevel noen timer på dagen voksentetthet ikke er i tråd med grunnmebanning på grunn av bla lovpålagt planleggingstid og matpauser.*
*- Hvordan kan vi opprettholde god lesetrening for de minste når statlige øremerkede midler på trinn 1-4 blir borte. Dette i lys av svake resultater på nasjonale prøver i lesing for 5. trinn».*

<u>Utval for helse og oppvekst (HO) har i møte 18.11.20 kome med følgjande innspel:</u>
*«Lokaler til midlertidig helsestasjon må prioriteres høyt.*
*Det må hensyntas lokalisering for samarbeid med andre naturlige tjenesteområder, og etableres i et allerede eksisterende bygg.*
*De ansatte på helsestasjonen må involveres i planlegginga.*

*HO stiller seg bak innspill til budsjett- og økonomiplan fra Eldrerådet og Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne.*
*Det er viktig og få på plass en god organisering og gode løsninger når det gjelder demens- og kreftomsorg, og om dette skal løses lokalt eller regionalt.*

*HO mener det er viktig og nødvendig å sette av midler til en god og ryddig skolestrukturprosess. En god forankring her vil legge et godt grunnlag for videre prosess».*

<u>Utval for miljø, landbruk og areal (MLA) har i møte 19.11.20 kome med følgjande innspel:</u>
*«1. MLA er fornøyd med at driftsnivået på landbrukskontoret videreføres på samme nivå som i dag*
*2. MLA er opptatt av at prioriteringene i samfunnsdel og i arealdel av kommuneplanen blir ivaretatt gjennom budsjettbehandlingen.*
*3. Det bes om at arbeidet med planstrategien prioriteres.*
*4. Saldo på landbruksfondet er i dag på ca. 430.000,-. Eventuell oppbygging av fondet skal vurderes i løpet av året enten ved gjennomgangen av årsregnskapet for 2020 eller i budsjettarbeidet for 2022».*

**Andre innspel:**
*Dersom* det kjem andre innspel innan møte i FS den 26.11.20 vil dei bli formidla til FS, og lagt ved saka.
Med erfaring frå tidlegare år vil det truleg komme fleire nye innspel både innan formannskapet behandlar saka i møte 26.11.20 og ikkje minst i den formelle 14 dagars <u>høyringsperioden</u> fram til kommunestyrets møte 15.12.20. Slike innspel blir journalført på budsjettsaka, og gjort greie for ovafor FS/KS.

**Kommunedirektøren sin vurdering:**
Det er gjort ei <u>administrative endring i budsjettframlegget</u> i høve til det som vart framlagt 9.11.20. Endringa gjeld driftsbudsjettet:
- Regjeringa la 10.11.20 fram eit tilleggsnummer til statsbudsjettet for 2021 med tiltak for å begrense de økonomiske konsekvensar av covid-19 pandemien. Som følgje av dette er

rammetilskottet i 2021 auka med 5,16 mill. kr. (ansvar 810). Auken er lagt inn i budsjettframlegget og kostnader ført på Covid-19 ansvar (ansvar 200) er auka tilsvarande. Endringa gir dermed i sum *ingen* endringar på netto driftsresultet.
Endringa er tatt inn i skjema for endringar i driftsbudsjettet høve til kommunedirektøren sitt framlegg, jf. vedlegg 2.

I kommentardelen til kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett- og økonomiplan 2021 – 2024 er det feil i tabellen som viser lånegjeld korrigert for sjølvkost på side 16. *Rett tabell* skal være slik:

| | Lånegjeld pr.31.12 | Sjølvkost | Korrigert lånegjeld | I % | Vedteke måltal |
|---|---|---|---|---|---|
| 2021 | 596.684 | 50.407 | 546.278 | 96,0 % | 75,0 % |
| 2022 | 600.928 | 48.606 | 552.322 | 97,7 % | 75,0 % |
| 2023 | 587.363 | 46.806 | 540.557 | 95,6 % | 75,0 % |
| 2024 | 564.340 | 45.006 | 519.334 | 91,8 % | 75,0 % |

Andel lånegjeld pr. 1.1.20 er henta frå R19.
Det er lagt til grunn 30 års avdrag på nye lån, med fullt avdrag frå år 1.

I dekningsgradstabellen på side 50 *i* kommentardelen manglar bruk av sjølvkostfond på avløp med 1,37 mill.kr. Resultat etter bruk av fond skal væra null.

Feilene vil bli retta opp til endeleg utgåve.

På lik linje med tidlegare år har kommunedirektøren lagt til grunn skatt og ramme i tråd med det som ligg i grønt hefte jf. forslaget til Statsbudsjett, og der er folketal 1.1.2021 sett lik folketal 1.1.2020.
KS utarbeidar ein alternativ modell som tek hensyn til det relative skattenivået for 2021 – 2024 og prognose for folketal pr. 1.1.2021. Den alternative modellen viser reduserte frie inntekter på om lag 2 mill. kr. samanlikna med det som ligg i grønt hefte (og som er det som er lagt inn i kommunedirektøren sitt framlegg).

Når det gjeld eigedomskatt blir det vist til KS-sak 101/19 (vedlagt). Det er lagt opp til bruk av kontorjustering fra 2021 med påslag på takstene på 10 %, og bunnfrådraget er redusert frå kr. 150.000 til kr. 70.000.

I tråd med ny kommunelov § 14-4 må det gå fram kva premiss økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. Det blir lagt opp kommunen sine *budsjettpremiss* er *tekstvedtaka* som blir gjort i samband med budsjettbehandlinga.

Endringar som blir gjort av formannskapet den 26.11.20 vil bli lagt inn i aktuelt skjema, vedlegg 2 og 3, etter behandlinga i formannskapet, slik at dei følgjer saka til kommunestyret.

Det er ikkje naturleg å gå inn på dei ulike innspela som er kome til framlegget. Men det verkar som om **mange** trur at kommunen nå er «friskmeldt», og at det er naturleg å auke innsatsen på «våre» områder.
Det er nødvendig å få fram at ressursar innan administrasjon og leiing er relativt kraftig redusert dei siste åra, og det må bevisstgjørast at vi ikkje kan ha like høge krav til støttetenester og leiing som vi har hatt gjennom mange år. Kommunedirektøren ser at det innan fleire områder er **slitasje**, som gjør at m.a. leiarar har utfordringar med å levere i ei tid med færre disponble ressursar rundt seg. Den særskilte situasjonen organisasjonen f.t. er inne i pga. koronapandemien gjør ikkje utfordringane mindre.

Kommunedirektøren i Nord-Fron

Arne Sandbu